



Fjord Høgre



# Program for Fjord Høgre

## 2023–2027

## Ordførarkandidat



**Robert Bergerud – Fjord Høgre sin ordførarkandidat**

Robert Bergerud er Fjord Høgre sin ordførarkandidat til kommunevalet i 2023.

Robert vaks opp i Kongsberg. Som 17-åring flytta han til Stavanger der han utdanna seg innan flytekniske fag og økonomi, og arbeid innan bank og finans. I jula 2019 flytta han, kona Mari-Linn og dei tre barna til Eidsdal for å ta over Andersgarden. Robert arbeider i dag som bedriftsrådgivar og rekneskapsførar i Sherpa Økonomi i Ålesund.

Robert var aktivt med i Stavanger Høgre, og var blant anna medlem i Stavanger kommunestyre. Når han flytta til Eidsdal var det derfor naturleg å fortsette dette engasjementet i Fjord Høgre. Utover dette har han på kort tid engasjert seg på fleire felt i kommunen, og er blant anna konstituert styreleiar i bruselskapet over Norddalsfjorden, styremedlem i Eidsdal Næringslag, Ytterdal historiske naustlag og Eidsdal Idrottslag.

Om motivasjon for å stille, seier Robert:

*«Etter at eg flytta til Eidsdal og Fjord kommune har eg sett mange moglegheiter, møtt mange med spennande idear og tankar, og kjent på nokre av dei utfordringane distriktskommunane kjempar med. Når eg var spurta om å stille som listetopp og ordførarkandidat, slo det meg at dette er ei sjeldan moglegheit til faktisk å bidra til at moglegheiter og idear vert realisert, og bevise at distriktskommunar også kan få det til. Etter å ha tenkt på det ei stund, og med eit familieråd som støtta meg, var det lett å seie ja til å stille. No ser eg fram til ein spennande valkamp, som eg så klart håpar vi kjem godt ut av»*

# Innleiing

## Vårt program tek utgangspunkt i Høgre sin formålsparagraf:

Høgre legg vekt på kontinuitet mellom fortid og framtid. Vi har arva eit samfunn prega av tillit, openheit og små ulikskapar, eit samfunn med høg verdiskaping og med velutbygde velferdsordningar. Det er vår plikt å ivareta og vidareutvikle dette samfunnet for framtidige generasjonar. Vi vil endre for å bevare. Med det meiner vi at vi må gjere nødvendige endringar i dag av omsyn til klima, miljø, økonomisk og sosial berekraft og velferd for framtidige generasjonar.

Høgre sin politikk bygg på ei kristen og humanistisk kulturarv. Alle menneske er fødd ulike, men med same ukrenkelege eigenverdi. Høgre meiner at mangfold og toleranse er viktige verdiar for det norske samfunnet. Mangfold bidreg til å utfordre og utvikle oss.

Høgre er eit marknadsvenleg parti. Marknadsøkonomien fordeler økonomisk makt på fleire hender og sikrar deltaking av mange. Økonomiske og politiske maktkonsentrasjonar må unngåast gjennom blant anna å sikre velfungerande konkurrans. Makt og ansvar bør plasserast så nær den enkelte, familien og lokalsamfunnet som mogleg. Staten bør ikkje få for mykje makt. Staten har ei plikt til å forvalte fellesskapet sine ressursar så effektivt som mogleg.

Samfunnet er meir enn staten. Derfor krevst det grenser for politikk. Høgre ønskjer ein sterk, men avgrensa stat som sikrar innbyggjarane grunnleggande tryggleik, velferd og like moglegheter. Høgre meiner at samfunnet bør skapast og utviklast nedanfrå. Høgre meiner at kvar enkelt skal ha størst mogleg fridom til og ansvar for å forme sitt eige liv og sin eigen framtid, basert på respekt for andre og for fellesskapet.

## Vår politikk byggjer på dette verdigrunnlaget:

- Tillit til enkeltmennesket, samfunnet styrkjer enkeltmennesket
- Fridom til og ansvar for å forme sitt eige liv
- Respekt for andre og for fellesskapet
- Samhald og solidaritet menneske imellom
- Omsorg for den som treng det
- Samspel mellom personleg fridom, sosialt ansvar og dei private og offentlege fellesskapene
- Makt og ansvar plassert så nært den enkelte og familien som mogleg

## Våre hjertesaker

- Vi skal jobbe hardt for vekst i Fjord, og auke talet på innbyggjarar
- Dette skal vi klare med betre vegar og bru over fjorden
- Fortsett fokus på kvalitet i skulen og jobbe for å behalde dagens skulestruktur
- Spele på lag med eksisterande bedrifter og nye næringsetableringar
- Kontroll på kommuneøkonomien og lågare kommunal formueskatt



## Oppvekst, kultur og idrett



- jobbe for at dagens skulestruktur består, men er open for å tenke nytt rundt organisering av skulane og barnehagane
- sikre at vi har barnehagar med god kvalitet og tilgjengeleighet
- fortsette etterutdanninga av lærarar
- jobbe for auka busetnad av familiar med barn i skulealder
- jobbe for eit allsidig tilbod av kultur- og idrettsaktivitetar for barn og unge
- utvikle Kulturskulen sitt tilbod både med tanke på kapasitet og valmoglegheiter
- legge til rette for årlege kulturelle arrangement i alle bygdene, slik som Olsokfeiringa i Valldal, Eidsdalsrøra, Årsfesten i Stordal og sommardagane i Norddal.



## Helse og omsorg



- stoppe befolkningsnedgangen og snu trenden i demografiutviklinga i kommunen. Og i denne samanheng etablere kampanje retta særleg mot kvinner mellom 20 og 40 år for flytting til Fjord gjennom vidareutvikling av «Opplev Fjord»
- sikre at legedekning og helselokalitetar er i tråd med kommunestyret sitt vedtak frå etableringa av Fjord kommune. Vi skal ha på plass ei dekkande løysing for legekontor og helsehus i Stordal
- bidra til at alle bygdene har sosiale møteplassar for ulike aldersgrupper
- legge til rette for samarbeid mellom frivillige og det offentlege der det er formålstenleg
- ta i bruk private innan helse og omsorg der dette gir mest nytte, i dette støtte samarbeid mellom det offentlege og private aktørar
- arbeide for at Fjord skal vere ein kommune som er ideell for seniorar
- arbeide aktivt for å styrke innsatsen innan psykisk helse og utanforskap



# Samferdsel og transport



- jobbe for utbetring av veg mellom Viset og Sjøholt («Børdalslinja»)
- støtte arbeidet med bru over Norddalsfjorden
- sørge for at mobildekninga skal være så god som mogleg i heile kommunen, og særleg ta tak i område som Dyrkorn og Fjørå der ein opplever därleg dekning per i dag
- aktivt påverke fylket med mål om å få gjennomført utviding av tunnel mot Fjøra og Tafjord samt oppgradering av smale parti på vegen inn til Tafjord
- arbeide for sikring og utviding av smale parti på vegen mellom Eidsdal og Norddal
- Få på plass betre løysing for oppstilling og trafikal styring ved Linge ferjekai
- få på plass ein samla plan for vedlikehald av kommunale vegar og bruer i åra framover
- kommunale bygg som ikkje er formålsbygg knytt til kommunens kjerneoppgåver bør seljast ut av kommunen



# Innbyggjarane i sentrum: plan, bygg og eigendom



- jobbe for at den økonomiske drifta av kommunen er tilpassa løpende behov med fokus på kjerneoppgåver innan oppvekst, helse og tekniske tenester
- jobbe for at drift og investeringar har eit tydeleg skilje både innan budsjettering og rekneskapsmessige forhold
- jobbe for at kommunen opparbeider seg eit disposisjonsfond slik ein tidlegare har hatt. Dette for å unngå kutt i tenester til brukarar på grunn av kortsiktige og forbigåande forhold
- jobbe for at kommunen til ei kvar tid har ein god strategi for sal og forvaltning av kraftinntekter og anna skatteinngang, i dette vurdere sal av kraft til kommunen sine eigne innbyggjarar og bedrifter til faste prisar
- jobbe for at interkommunale samarbeid vert vidareutvikla så lenge dei bidreg til gode tenester til Fjord sine innbyggjarar
- sikre at Fjord kommune held fram som eigen kommune
- vere positive til samarbeid på tvers av kommunegrenser, og særleg viss slikt samarbeid bidreg til vekst og betre utnytting av investeringar og infrastruktur uavhengig om det skjer i offentleg eller privat regi

# Vekst og utvikling



- bidra til utvikling av alle bygdesentrum i Fjord, og at dette skjer i samarbeid med bedrifter og lokale foreiningar
- støtte initiativ som legg til rette for sentrumsnær utbygging av bustadar og seniorbustadar
- utgreie reduksjon av kommunal formueskatt, og jobbe for at eigedomsskatt på næring, hus og hytte ikkje vert innført.
- støtte at det vert lagt til rette for lukka merdar i sjø – og er positive til å regulere nye områder til oppdrett basert på lukka løysingar.
- bidra til at landbasert oppdrett vert etablert i kommunen, og er derfor også positive til prosjektet i Røbbervika
- at Fjord skal vere ei JA kommune og pådrivar for etablering av ny verksemnd og arbeidsplassar
- vidareføre satsinga under Vekst i Fjord og om mogleg auke midlane vekstprosjektet disponerer
- støtte etablering av nye kraftverk i kommunen, og vil generelt vere positive til initiativ knytt til småkraftverk
- jobbe for større breidde i næringslivet og legge til rette for areal og lokale både for eksisterande og nye bedrifter
- arbeide for at dei ulike bygdene i kommunen vert vurdert som ein del av løysinga for cruisenæringa dersom Geirangerfjorden og Sunnylvsfjorden blir stengt i 2026 slik at både lokalbefolkinga og turistnæringa blir sikra ein god mobilitet på veg og ferje. Både prosess og konsept må involvere lokalbefolkinga slik at løysingane tek omsyn til lokale forhold.
- vere ein garantist for at frådeling av tomter til hus og fritidseigedommar vert løyst på ein positiv måte. Grunneigar sitt ønskje skal vege tungt og være utgangspunktet for handsaminga av slike saker

**Stem Høgre om du vil at Fjord skal vere ei JA kommune 😊**

## Kandidatliste

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Anna info
1	<b>Robert Bergerud</b>	1980	Eidsdal
2	Ester Reidun Vinje Nilsen	1980	Stordal
3	Viktor Valdal	1966	Valldal
4	Per-Andre Rønneberg	1978	Eidsdal
5	Jan Are Remme	1970	Stordal
6	Marit Elisabeth Døving	1956	Valldal
7	Claus Hoff	1982	Stordal
8	Olav Amund H. Myklebust	1982	Valldal
9	Per Einar Linge-Johansen	1985	Valldal
10	Jan Erik Vad	1976	Stordal
11	Almar Bonsaksen Remme	2003	Stordal
12	Caroline Bjerk Maurstad	1988	Eidsdal
13	Andreas Larsen Håvoll	1982	Valldal
14	Jan Ole Strand	1964	Stordal
15	Freddy Hanssen	1967	Fjørå
16	Levent Öcalan	2004	Stordal
17	Gry Annette Bonsaksen	1973	Stordal
18	Geir Andreassen	1957	Valldal
19	Rune Støversten	1962	Dyrkorn
20	Harald Jarle Andersen	1962	Valldal
21	Kathrine Hjelle Busengdal	1978	Stordal
22	Johan Arnt Overøye	1958	Stordal
23	Gudmund Relling	1946	Norddal
24	Siri Kathrin Øcalan	1971	Stordal

## Kontakt

### Fjord Høgre:

Robert Bergerud, ordførarkandidat, [robert@sherpaokonomi.no](mailto:robert@sherpaokonomi.no)

Jan Are Remme, gruppeleiar, [jan.are.remme@fjord.kommune.no](mailto:jan.are.remme@fjord.kommune.no)

Jan Ole Strand, lokallagsleiar, [fjord@hoyreforening.no](mailto:fjord@hoyreforening.no)